

Visepsykiatri

Arne Olav L. Hageberg

Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet



WISEPSYKOLOG: Sarabeth Tucek. FOTO: FLICKR.COM/GUMDROPGAS
FOTO: FLICKR.COM/GUMDROPGAS

Ein ikkje heilt ukjent fyr frå Ål i Hallingdal presenterte oss, for eit par år sidan, for begrepet visepsykiatri. Utan at han nødvendigvis skal få æra for at den slags finst. For det er mange som har drive med slikt, og det er mange som kjem til å drive med slikt. Det er ikkje heilt fjernt å tenke det Sarabeth Tucek driv med på si andre plate inn i denne samanhengen heller. Visepsykiatrisamanhengen. Mor hennar er psykolog, far hennar var psykiater. *Get Well Soon* handlar om Sarabeth, faren, døden, saknet, angeren, sinnet, det usagte, det uoppgjorte, lækinga, framtida.

Platemeldar Oddmund Berge på groove.no 30.8.2011